

## NOTAT

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Førde HF

**DATO:** 20.04.2017  
**FRÅ:** Administrerende direktør

**SAKA GJELD:** **Budsjettoppfølging 2017 - løypemelding**

**ARKIVSAK:** 2017/457  
**STYRESAK:** 027/2017

**STYREMØTE:** 28.04.2017

### Rapportering frå verksemda per mars 2017 – Vedlegg 6

---

Med bakgrunn i den økonomiske situasjonen bad styret 24. mars om at administrerende direktør særskilt følgde opp dei viktigaste økonomiske tiltaka for 2017. Punkt 1, 2, og 3 i styrevedtaket var konkret knytt til tiltakspunkt i budsjettet, og ønsket om å sikre ei heilskapleg vurdering i føretaket. Punkt 4 i vedtaket er i stor grad knytt til trongen for å justere investeringsplanar, dersom føretaket ikkje har tilstrekkeleg investeringsevne.

Dette notatet er ei tilbakemelding på status i arbeidet.

Styrevedtaket er delt opp og gitt att i kursiv med ein kort rapport på framdrift for kvart enkelt punkt:

1. *Prosjekt døgn skal innan 1. juni 2017 legge fram forslag til framtidig modell for døgntilbod i Førde der følgjande er utgreidd:*
  - a) *samanslåing/samløkalisering av sengepostar*
  - b) *etablering av elektiv sengepost (5-døgn)*
  - c) *etablering av observasjonspost*
  - d) *vurdere utviding av feriestenging av døgntilbod*

*I tillegg skal tal senger og bemanning reviderast utifrå belegg, jf. mandatet for døgnprosjektet.*

Døgnprosjektet har arbeidd med fleire av elementa i punkt 1 i lengre tid, og rapporterer om stor aktivitet. Det har vore møte med dei fleste sengepostane med tanke på kartlegging av sjansane for samlokalisering/samanslåing. Dei vurderer kva type pasientar, både kirurgiske og medisinske, som kan vere aktuelle for ein elektiv sengepost, og om det er pasientgrunnlag nok for ein slik 5-døgnspost. Det er gjennomført ei grundig kartlegging og analyse av bemanning og aktivitet for å finne moglege innsparingspotensiale. Prosjektet vurderer ei bemanningsnorm for sengepostar som er brukt ved OUS, for å måle bemanning opp mot andre sjukehus.

Ei eiga arbeidsgruppa for akuttmottak vurderer observasjonssenger der. Det har tidlegare vore utgreidd observasjonspost der kommunane har fire senger fram til 1. september. Vurderinga der er at det vil bli dyrt å drive ein så liten sengepost. Arbeidsgruppa held fram arbeidet og ser også på andre moglege løysingar.

Prosjektet vurderer at feriestenging i år vert som i fjor. Ortopedisk sengepost/poliklinikk i Lærdal har stengt fire veker som dei også gjorde i fjor. Mange av sengepostane reduserer bemanninga om sommaren, spesielt kirurgi og ortopedisk på grunn av færre elektive pasientar. Sengepostane har også ein del turistar/ulykker om sommaren. Dei andre sengepostane har i stor grad strakshjelp. Medisinsk sengepost har for eksempel om lag same pasienttalet som elles i året. Vurdering av ei ytterlegare sommarstenging bør starte tidlegare på året, og det må avklarast med Helse Bergen om dei kan ta i mot våre pasientar samt vurdere ambulanskapasiteten.

*2. Prosjekt Lærdal blir etablert og skal, i samarbeid med prosjekt døgn, utgreie samanslåing av sengepostane ved Lærdal sjukehus innan 1. juni.*

Prosjekt Lærdal er under etablering, og har sitt første arbeidsmøte fredag 21. april der dei skal drøfte informasjonsplan og lage ROS-analyse og møteplan. Det vart gjennomført ei kartlegging i Lærdal i haust/vinter og denne vil bli nytta i arbeidet. Det skal også dragast vekslar på døgnprosjektet, tidlegare erfaring med 5-døgnspost i Lærdal og prosjektet «moderne sengepostar» som vart starta i Helse Førde i 2010. Det blir lagt opp til ei brei involvering av leiarar, verneteneste og tillitsvalte. Prosjektet tek sikte på å legge fram ein plan til 1. juni, men peikar på at det kan vere noko kort tidsfrist.

*3. Det skal setjast ned eit prosjekt leia av HR-direktør som skal gjennomgå vaktordningar og kjøp av utvida arbeidstid, samt legge fram forslag til justeringar innan 1. juni 2017.*

Prosjektet skal kartleggje, og kome med innspel til moglege endringar, slik at kvar klinikk skal kunne arbeide mest moglege effektivt i det vidare arbeid med å redusere bruk av dyre timar og vaktordningar. Prosjektet sitt arbeid er avslutta ved overlevering av eit slikt grunnlagsmateriale til føretaksleiinga.

Det er utarbeidd eit mandat som har siste frist for innspel fredag 21. april. Prosjektet skal ha sitt første møte måndag 24. april. Prosjektdeltakarar er på plass, og dei ulike delaktivitetane er lagt opp som følgjer:

- Utarbeide ein mal som skal nyttast for kartlegging av kvar enkelt avdelings legar knytt til vaktordningar, kjøp av UTA, bruk av andre timar til ekstraarbeid, ulike lønsmodellar og lønstillegg.
- Gjennomføre ei kartlegging av kvar avdeling i medisinsk klinikk, kirurgisk klinikk og psykisk Helsevern etter utarbeidd mal, og i så stor grad som råd dokumentere nødvendig grunnlagsinformasjon. Om mogleg også sjå på utvikling som har vore over tid.
- Basert på funn frå kvar avdeling utarbeide forslag til moglege avdelingsvise tiltak og fokusområde, samt moglege tverrgåande tiltak.
- Overlevere rapport med grunnlagsmateriale og forslag til tiltak til klinikkdirektørar for dei tre klinikkane for vidare avdelingsvis oppfølging.

Prosjektet satsar på å levere i samsvar med oppsett tidsplan.

*4. Direktør drift og eigedom skal innan 1. juni 2017 legge fram ei fornya vurdering av framdriftsplanen for forprosjekt «Nye Førde sjukehus». I vurderinga skal det takast omsyn til framdrifta i tenesteutviklingsprosjekta, den underliggande økonomiske driftssituasjonen i føretaket og det nasjonale fokuset på tenestetilbodet innan rus og psykiatri. Vurderinga skal også innehalde ulike scenario for utbygging i tilfelle prosjektet må justerast ned.*

Det er bestemt at starten til forprosjektet vert utsett frå 1. august til 1. november. Det blir arbeidd vidare med aktivitetar og milepålar i tråd med bestillinga frå styret, og det skal vere klart innan fristen 1. juni.

*5. For alle tiltakspunkta gjeld at tillitsvalde og verneteneste skal delta aktivt i prosessane.*

Tillitsvalde og verneteneste er inviterte og deltek i dei fire prosjekta.

*6. Styret ber om å bli haldne løpande orienterte om utviklinga i arbeidet.*

Neste styremøte i Helse Førde er 6. juni. Administrerande direktør kjem til å legge fram ein ny statusrapport då.